



Arkivnr: 2016/9440-11

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		
Fylkestinget		

Forvaltningsrevisjon innan oppfølging av minoritetsspråklege elevar - Revisjonsrapport

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet bestilte 20.10.16 forvaltningsrevisjon innan oppfølging til minoritetsspråklege elevar med slikt føremål:

«Føremålet med prosjektet har vore å undersøkje om minoritetsspråklege elevar i vidaregåande skular i Hordaland får den oppfølginga og opplæringa dei har rett på. Vidare har det vore eit føremål å undersøkje om unge asylsøkjjarar sin rett til vidaregåande opplæring blir ivareteke på ein tilfredsstillande måte.»

Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål er det formulert følgjande problemstillingar:

- 1. I kva grad får minoritetsspråklege elevar i vidaregåande skular i Hordaland tilbod om særskilt språkopplæring i samsvar med føresegn i regelverket?**
 - a. Er det etablert tilfredsstillande system for kartlegging av norskkunnskapane til minoritetsspråklege elevar?
 - b. I kva grad blir det gjort ei konkret vurdering av om elevar som har behov for særskilt norskopplæring også har behov for tospråkleg fagopplæring og/eller morsmålsopplæring?
 - c. Blir vedtak om særskilt språkopplæring utforma i samsvar med sentrale krav i opplæringslova og forvaltningslova?
 - d. I kva grad har skulane tilstrekkeleg kompetanse og ressursar til å gi eit tilbod om særskilt språkopplæring i samsvar med det som blir vurdert å vere eleven sitt behov?
- 2. I kva grad har Hordaland fylkeskommune system og rutinar som sikrar at unge asylsøkjjarar sin rett til vidaregåande opplæring blir ivareteke?**
 - a. I kva grad får asylsøkjjarar med rett til vidaregåande opplæring eit tilbod om slik opplæring i Hordaland?

- b. Er det etablert tilfredsstillende system for å halde oversikt over kor mange asylsøklarar i aldersgruppa 16-18 år som bur i ulike delar av Hordaland?
- c. Er det etablert tilstrekkeleg med samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune og kommunane i Hordaland for å avklare oppfølgingsansvar for asylsøklarungdom i aldersgruppa 16-18 år som ikkje sjølv søker vidaregåande opplæring?

3. I kva grad blir innføringsklasse for minoritetsspråklege elevar nytta i samsvar med dei krav og avgrensingar som går fram av regelverket?

- a. I kva grad blir innføringsklasse nytta i opplæringstilbodet til minoritetsspråklege elevar?
- b. I kva grad ligg ei heilskapleg vurdering av kva opplæringstilbod som vil vere til eleven sitt beste til grunn for bruk av innføringsklasse, og i kva grad blir det innhenta samtykke til bruk av innføringsklasse?
- c. I kva grad sikrar fylkeskommunen at innføringsklasse berre blir nytta i den utstrekning regelverket opnar for?

4. I kva grad er det etablert system og rutinar for å sikre at minoritetsspråklege elevar får relevant informasjon om målform?

- a. I kva grad er det etablert rutinar for å informere minoritetsspråklege elevar om rett til å velje skriftleg hovudmålform?
- b. I kva grad er det etablert rutinar for å informere minoritetsspråklege elevar om moglegheit til fritak frå vurdering med karakter i skriftleg sidemål, samt kva følgjer eit slikt fritak eventuelt kan få for vidare utdanning og jobb?

Det er formulert slik avgrensing av dette prosjektet:

«Forvaltningsrevisjonen er avgrensa til å omhandle fylkeskommunale vidaregåande skular i Hordaland. Private vidaregåande skular er ikkje omfatta av undersøkinga.»

Drøfting:

Deloitte har no gjort ferdig forvaltningsrevisjon innan opplæringstilbod til minoritetsspråklege elevar, revisjonsrapport er levert og ligg ved som vedlegg til saka. Revisjonsrapporten er også send i posten til dei møtande medlemmene i kontrollutvalet. Rapporten har vore send til uttale hjå fylkesrådmannen. Uttalen går fram av vedlegg 1 i rapporten.

Deloitte har i denne forvaltningsrevisjonen nytta dokumentanalyse, intervju, spørjeundersøking, stikkprøvekontroll og verifiseringsprosessar som metodar. Etter sekretariatet si vurdering har Deloitte levert ein god rapport som er i samsvar med kontrollutvalet si bestilling.

Sekretariatet har merka seg at Deloitte m.a. konkluderer slik i samandraget i rapporten:

«Undersøkinga viser at det samla sett er eit betydeleg tal minoritetsspråklege elevar ved dei vidaregåande skulane i Hordaland, og at ein god del av desse manglar tilstrekkelege norskkunnskapar til å kunne følgje den ordinære opplæringa. Det er etablert innføringsklasser ved fleire av dei vidaregåande skulane, men revisjonen meiner at fylkeskommunen ikkje i tilstrekkeleg grad har synleggjort og drøfta kva det inneber at innføringsklassene er organisert som eit «år null» utanfor den ordinære tilbodsstrukturen.»

Sekretariatet har vidare merka seg at Deloitte kjem med slike tilrådingar til Hordaland fylkeskommune i punkt 7 Konklusjon og tilrådingar i rapporten:

«Basert på det som kjem fram i undersøkinga vil revisjonen tilrå at Hordaland fylkeskommune sett i verk følgjande tiltak:

1. Gjennomgår dei særskilde opplæringstilboda retta mot minoritetsspråklege elevar (treårig studiespesialisierende og VG1 helse- og oppvekstfag), og sikrar at fylkeskommunen etterlever reglane om organisering av klasser i opplæringslova § 8-2.

2. Sikrar at minoritetsspråklege elevar som ikkje har tilstrekkelege norskkunnskapar til å følgje den vanlege opplæringa i skulen får eit tilbod om særskild språkopplæring, jf. opplæringslova § 3-12 første ledd, og at det blir fatta enkeltvedtak om slik opplæring.
3. Sikrar at det blir gjennomført kartlegging av minoritetsspråklege elevar sine norskkunnskapar som grunnlag for å fatte enkeltvedtak om særskild språkopplæring, og at norskkunnskapane også blir kartlagt undervegs i opplæringa for elevar som får særskild språkopplæring, jf. krav i opplæringslova § 3-12 fjerde ledd.
4. Sørgjer for at det for alle elevar med enkeltvedtak om særskild norskopplæring også blir vurdert om eleven har behov for morsmålsopplæring og/eller tospråkleg fagopplæring, jf. opplæringslova § 3-12 første ledd.
5. Sikrar at enkeltvedtak om særskild språkopplæring blir utforma med bakgrunn i den enkelte eleven sine individuelle behov.
6. Sørgjer for at sakshandsaminga og enkeltvedtaka om særskild språkopplæring ved skulane oppfyller krav i opplæringslova og forvaltningslova, mellom anna når det gjeld:
 - a) grunngjeving av enkeltvedtak
 - b) skildring av kva det er fatta vedtak om
 - c) informasjon om klageinstans og retten til å sjå dokumenta i saka
 - d) enkeltvedtak om opphøyr av særskild språkopplæring
7. Vurderer å leggje til rette for meir erfaringsdeling og drøftingar på tvers av skulane når det gjeld organisering av tilbodet om særskild norskopplæring.
8. Avklarar og tydeleggjer ulike sider ved innføringsklassene ved dei vidaregåande skulane i Hordaland, under dette vurderer fordelar og ulemper ved å ha eit innføringstilbod som ikkje er omfatta av opplæringslova, samt tydeleggjer kva dette har å seie for elevane.
9. Sørgjer for at elevar som er aktuelle kandidatar for innføringsklasse blir tydeleg informert om at dei har rett til å velje ordinær opplæring framfor innføringsklasse, og om konsekvensane av valet eleven gjer.
10. Vurderer å utarbeide rutinar for å tydeleggjere ytterlegare kva rettar elevane har når det gjeld val av målform, samt kven som har ansvar for å informere elevane om desse rettane.»

Konklusjon:

Kontrollutvalet har eit særskilt ansvar for å følgje opp at fylkestinget sine vedtak i samband med handsaming av rapportar om forvaltningsrevisjon vert følgd opp. Det vert vist til «Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner» § 12 «Oppfølging av forvaltningsrevisjoner» der det står dette:

«Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak i tilknytning til behandlingen av rapporter om forvaltningsrevisjon følges opp.

Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader til rapport om forvaltningsrevisjon er blitt fulgt opp. Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte.»

Forslag til innstilling i saksframlegget, byggjer på forslag til tiltak i rapporten, og punkta er sett opp i prioritert rekkefølge. På bakgrunn av dette vert det tilrådd at kontrollutvalet innstiller på at fylkestinget ber fylkesrådmannen syta for å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Forslag til innstilling

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan «opplæringstilbodet til minoritetsspråklege elevar» ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for:

1. Å gjennomgå dei særskilde opplæringstilboda retta mot minoritetsspråklege elevar (treårig studiespesialiserande og VG1 helse- og oppvekstfag), og sikrar at fylkeskommunen etterlever reglane om organisering av klasser i opplæringslova § 8-2.

2. Å sikre at minoritetsspråklege elevar som ikkje har tilstrekkelege norskkunnskapar til å følgje den vanlege opplæringa i skulen får eit tilbod om særskild språkopplæring, jf. opplæringslova § 3-12 første ledd, og at det blir fatta enkeltvedtak om slik opplæring.
3. Å sikre at det blir gjennomført kartlegging av minoritetsspråklege elevar sine norskkunnskapar som grunnlag for å fatte enkeltvedtak om særskild språkopplæring, og at norskkunnskapane også blir kartlagt undervegs i opplæringa for elevar som får særskild språkopplæring, jf. krav i opplæringslova § 3-12 fjerde ledd.
4. At det for alle elevar med enkeltvedtak om særskild norskopplæring også blir vurdert om eleven har behov for morsmålsopplæring og/eller tospråkleg fagopplæring, jf. opplæringslova § 3-12 første ledd.
5. Å sikre at enkeltvedtak om særskild språkopplæring blir utforma med bakgrunn i den enkelte eleven sine individuelle behov.
6. At sakshandsaminga og enkeltvedtaka om særskild språkopplæring ved skulane oppfyller krav i opplæringslova og forvaltningslova, mellom anna når det gjeld:
 - a) grunngjeving av enkeltvedtak
 - b) skildring av kva det er fatta vedtak om
 - c) informasjon om klageinstans og retten til å sjå dokumenta i saka
 - d) enkeltvedtak om opphøyr av særskild språkopplæring
7. Å leggje til rette for meir erfaringsdeling og drøftingar på tvers av skulane når det gjeld organisering av tilbodet om særskild norskopplæring.
8. Å avklare og tydeleggjer ulike sider ved innføringsklassene ved dei vidaregåande skulane i Hordaland, under dette vurderer fordelar og ulemper ved å ha eit innføringstilbod som ikkje er omfatta av opplæringslova, samt tydeleggjer kva dette har å seie for elevane.
9. At elevar som er aktuelle kandidatar for innføringsklasse blir tydeleg informert om at dei har rett til å velje ordinær opplæring framfor innføringsklasse, og om konsekvensane av valet eleven gjer
10. Å utarbeide rutinar for å tydeleggjere ytterlegare kva rettar elevane har når det gjeld val av målform, samt kven som har ansvar for å informere elevane om desse rettane.»
11. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.11.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

- 1 Forvaltningsrevisjon Hordaland fylkeskommune - opplæringstilbod til minoritetsspråklege elevar